

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/15	Levekårsutvalet	PS	03.02.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Moe	14/6105

## Prosjektplan for kommunedelplan for skule 2014 - 2018

### Vedlegg:

Prosjektplan kommunedelplan skule - planprosess (3) - vedlegg

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet vedtek prosjektplan for Kommunedelplan skule 2014-2018.

### Levekårsutvalet - 010/15

#### LE - behandling:

#### Framlegg frå Jostein Hellestveit-Sp:

Levekårsutvalet stansar den avgrensa rulleringa av kommunedelplan skule, som berre omfattar struktur innafor Lindås og Ostereidet ungdomsskulekrinsar. Fullstendig rullering av kommunedelplan skule vert starta hausten/vinteren 2015.

Framlegget frå J. Hellestveit fekk 1 røyst og fall (J. Hellestveit-Sp).

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 7 røyster (Anne Julie Hetland-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Sæbjørg H. Kjekka-Krf, Gunnlaug Melhus-Krf, Asle Hettebakke-Krf, Odin Kristiansen-V, Bjørn Brunborg-Ap).

#### LE - vedtak:

Levekårsutvalet vedtek prosjektplan for Kommunedelplan skule 2014-2018.

**Saksopplysningar:**  
**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

**Bakgrunn**

Rådmannen har utarbeidd prosjektplan for Kommunedelplan for skule 2014-2018 – Planprogram.

Bakgrunn for planarbeidet er tre politiske vedtak, eit i kommunestyret 21.mars 2013 om rullering av kommunedelplan skule, eit frå formannskapet 9.januar 2014 om endeleg mandat og prosess for omstillingsprogrammet og det siste frå vedtak om planprogram 27.november 2014. Dei tre vedtaka ligg til grunn for vidare arbeid med kommunedelplan for skule i Lindås kommune.

Prosjektet skal greie ut alternative løysingar av framtidig skulestruktur og har følgjande målsetjing:

Planen skal ha eit langsiktig perspektiv og medverke til å sikre:

- Ein berekraftig kommuneøkonomi
- Eit likeverdig skuletilbod til alle elevane i kommunen
- Ein stabil skulestruktur over tid

Prosjektet skal vare frå 02.09.2014-18.06.15. Deretter kjem ein ev. iverksetjingsfase.

Prosjektet er avgrensa til å gjelde Ostereidet og Lindås skulekrinsar. Prosjektplanen er no ferdig frå rådmannen si side, og skal til handsaming i Levekårsutvalet.